



Lars Kåre Urdal
Kleivane 36
5416 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2690 - 16/30406

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
02.11.2016

Svar på førespurnad - gbnr 220/15 m.fl. Aurdal store

Det vert vist til ditt brev av 23.10.2016.

Lindås kommune meiner at avkjørsle frå E39 ved Stora Aurdal må stengast for køyretøy. Avkjørsla er svært trafikkfarleg. Køyretøy kjem med høg fart gjennom tunnelen og avkjørsla er etablert for tett opp mot tunnelmunning til at ein får forsvarleg sikt. Køyretøy som kjem gjennom tunnel vil difor få for kort strekning til at dei kan stoppe i tide dersom det kjem kjøretøy ut frå avkjørsla.

Då gang- og sykkelvegen er kommunal, kan ikkje private personar søkje Statens vegvesen om endra bruk. Slik søknadar er det vegmynde som må handsame. Teknisk drift har uttalt at dei ikkje vil søkje Statens vegvesen om ei slik endring på grunn av trafikktryggleik i og langs E39.

Kommunen ønskjer at kjørbare tilkomst til naust gbnr 220/11 skal gå via kommunal veg frå nordvest sida av tunnellen ved Eikefet. Gang og sykkelveg er ikkje stengt på grunn av rasfare. Det er sett opp skilt 114.2 «rasfare» for å gjere dei vegfarande merksam på at det kan kome stein ned i vegbana. Oppsetting av slike denne typen skilt er vanleg langs offentlege veger.

Skilt «vegen stengt» som det visast til i brev datert 23.10.2016 er ikkje sett opp av kommunen. Kommunen har ikkje fatta stengingsvedtak for gang- og sykkelveg. Gang og sykkelveg skal vere open.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Kåre Urdal

Kleivane 36

5416

STORD

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

